



Sak nr 18/2013

Møtedato: 19.6.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Kommunal søknad om å delta i forsøksordning med rekreasjonsløyper for snøskuter

Vestre Slidre kommune skal på fyrstkomande kommunestyremøte behandle søknad om å deltake i forsøksordning (2014-2018) med etablering av snøskuterløyper for rekreasjonskjøring.

Det er skissert at dette skal vera løype for rekreasjonskjøring der alle kommunane i Valdres deltek. Det er i kommunen si saksutgreiing opplyst at Vang, Nord-Aurdal og Sør-Aurdal har søkt om å vera med i prøveordninga. I saksutgreiinga er det ikkje vurdert nokon negative sider med ordningar, utanom at det føre til kostnad i samband det kommunal planlegging. Det er berre vist at det kan ha positive verknader for turistnæringa. Ulemper ei slik ordning har, er fråverande i saksutgreiinga. For den del av reiselivet som baserar seg naturopplevingar, vil snøskutertrafikk klart vera klart negativt. Ein kan heller ikkje sjå at dei som har etablert seg med hytte i Vestre Slidre ynskjer dette. Naturkvalitetane er ein av hovudgrunnane med å velja hytte i Vestre Slidre. Dei forstyringar skuterløype vil føre med seg er klart negative for dei som ynskjer seg ro og rekreasjon i kommunen.

Det er i saksframlegget ikkje skissert kvar ei slik løype ev. skal leggjast. Skal det vera ei samanhengande løype i Valdres, vil nabokommunane i praksis også vera med å leggja rammene for kvar ei slik løype blir plassert. I regelverket knytt til forsøksordninga er det føringar kvar ei slik løype kan leggjast. Løype bør m.a. ikkje leggjast nær hytteområde, i bratt terreng, i verneområde m.m. Dei private teigane heimafor statsallmenningen er i stor grad bygd ut til hyttefelt. Dette vil i praksis seia at det er lite aktuelt å leggja løypa her. I kommuneplan er statsallmenningen regulert som eit eige område med sterke restriksjonar. Bakgrunnen for dette er at allmenningen har særskilde natur-, kultur- og landskapsverdiar. Allmenningen er også det viktigaste friluftsområde for både lokale og tilreisande. Det er derfor uaktuelt at ei slik løype kan leggjast i allmenningen. Det er tvilsamt om det er skikka areal i kommunen som er eigna til løype for rekreasjonskjøring med snøskuter.

Ordninga vil føre med behov for ekstra oppsyn. Det er lite truleg at politiet kan ta seg av det auka kontrollbehovet. Om løypa er tenkt plassert i allmenningen, betyr det at fjellstyret må ta seg av dette oppsynet. Dette vil føre med seg auka kostnader. Fjellstyret har fått reduserte inntekter dei siste åra som følgje av nedgang i festeinntekter og reduksjon i bestand av småvilt og elg. Sist år hadde fjellstyret eit underskot på kr 350.000. For framtida må fjellstyret leggje om drifta for å redusere utgifter, m.a. må det reduserast sterkt på tildeling av tilskot og tilrettelegging for friluftslivet. Fjellstyret har derfor ikkje økonomi til meir oppsyn. Skulle kommunen få løyve til etablering av skuterløype for rekreasjonskjøring, må det reknast med at kommunen må dekke desse ekstra kostnadane.

Vedtak:

Om kommunestyret vedtek å søkje om løyve til å etablere rekreasjonsløype for snøskuter, ber fjellstyret om at det blir presisert at rekreasjonsløype ikkje skal leggjast til allmenningen.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.6.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune